

Økonomiplan 2025-2028

Tiltakskatalog

Innholdsfortegnelse

Innleiing 3
Driftstiltak 4
Investeringstiltak 14

Innleiing

Tiltakskatalogen gir eit oversyn over tiltak som kommunedirektøren har vurdert som relevante å leggje fram kommunestyret i samband med handsaming av økonomiplan 2025 - 2028.

Nokre tiltak har blitt presentert før, utan at dei har fått politisk oppslutnad. Andre tiltak er nye.

Alle tiltak er presentert over same mal - eit tiltaksark.

I headinga på tiltaksarket er det eit nummer og eit namn på tiltaket. Nummeret finn ein igjen i kommuneplanen sin handlingsdel/økonomiplan 2025 - 2028 pkt. 3.4.

Under overskrifta kjem ein oversikt over tiltaket sin kostnad for alle fire åra i økonomiplanperioden. Negativt forteikn tyder at det er ein redusert kostnad eller ein auka inntekt. Når det ikkje er forteikn tyder det at det er ein auka kostnad eller ein redusert inntekt. Alle tal er oppgitt i heile 1000 kroner.

For investeringstiltaka er det lagt inn fleire liner med forklarande tekst knytt til brutto/nettoutgifter, finanskostnad/finansiering og driftskonsekvensar.

Deretter følgjer ei beskriving av tiltaket (kva går det ut på).

Punktet forankring i overordna mål/plan synleggjer om dette er eit tiltak som følgjer opp statlege eller lokale føringar som er gitt.

Konsekvensar av tiltaket skal primært synleggjere negative konsekvensar. Utgangspunktet er at det er konsekvensar for kommunen, men konsekvensar for brukarar og tilsette er òg omtalt.

Punktet gevinstar synleggjer dei positive effektane av tiltaket.

Punktet risikoen er knytt til faren for at tiltaket ikkje let seg gjennomføre, blir dyrare enn beskrive eller at innsparinga ikkje blir så stor som forventa.

Kommunen har ein plikt til å drøfte effektiviserings- og nedskjeringstiltak med dei tillitsvalde. Det er synleggjort om dette er gjort eller ikkje - og om kva for syn dei tillitsvalde har på tiltaket.

Det er viktig å merke seg at visse kombinasjonar av tiltak ikkje er mogeleg.

Kva for tiltak rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek går fram av pkt. 3.5 i Kommuneplanen sin handlingsdel/økonomiplan 2025 - 2028.

(Tiltak med grå bakgrunn er vidareførte tiltak frå førre år.)

Driftstiltak

D-1			AUKE PROMILLESATS EIGEDOMSSKATT
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-3 400’	-4 300’	-4 300’	-4 300’
Beskriving: Tiltaket går ut på å auke promillesatsen for eigedomsskatt for bustadhus og fritidsbustad. Eigedomsskattesatsen kan maksimalt bli auka med 1 promille per år. Maksimal skattesats er 4 promille. I dag er skattesatsen 2,75 promille. I tala ligg det inne den maksimale auken kommunestyret kan vedta. Det er mogeleg å vedta lågare vekst eller utsett iverksetjing. Ei auke på 0,1 promille gir ein årleg inntektsauke på kr 340.000,-.			
Forankring i overordna mål/plan: I kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit mål at brukarane av kommunale tenester skal vere nøgde med servicenivået. For å nå målet skal vi mellom anna ha tenester med høg kvalitet.			
Konsekvensar: Det er stor fare for protestar og negativ omtale av kommunen**.**			
Gevinstar: **T**iltaket vil gi direkte budsjettmessig gevinst i form av auka inntekter.			
Risiko: Dersom tiltaket blir gjennomført er det liten risiko knytt til storleiken beløpet. Det kan bli små justeringar etter endeleg klagebehandling i 2024			
Drøfting: Tiltaket er ikkje drøfta med tillitsvalde da det ikkje har direkte tyding for tilsette.			

D-2			EIGEDOMSSKATT UBYGDE TOMTER – REDUSERT PROMILLESATS
2025	**2026**	**2027**	**2028**
910’	910’	910’	910’
Beskriving: Formannskapet gjorde vedtak den 22.10.2024 om å redusere promillesaten på ubygde tomter frå 7 promille til 1 promille. Konsekvensen av dette er reduserte inntekter på kr. 910.000,-. Vedtek kommunestyre det same i møte 30. oktober 2024 **må** dette tiltaket leggast inn i budsjettmodellen			
Forankring i overordna mål/plan:			
Negative konsekvensar: Reduserte inntekter			
Gevinstar:			
Risiko:			
Drøfting:			

D-3			REDUSERE TILSKOT LAG OG FORENINGER
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-360’	-360’	-360’	-360’

Beskriving:
Hjartdal kommune har dei siste åra gjett tilskot på kr. 300 000 til Hjartdal idrettsråd og rundt kr. 600 000 til andre lag og foreiningar.
Grunna den krevjande budsjettbalansen i komande økonomiplanperiode tilrår kommunedirektøren at desse tilskota reduserast.

Forankring i overordna mål/plan:
.

Negative konsekvensar:
Stor reduksjon i tilbod til innbyggjarane. Krevjande for lag- og foreiningar.

Gevinstar:
.

Risiko:
Lite tilbod til barn, unge og generelt alle i Hjartdal kommune.

Drøfting:
Drøfta i KLG

D-4			BETALT SFO
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-141’	-353’	-353’	-353’

Beskriving:
Det er fastsett tre moderasjonsordningar i SFO:

- 12 timars gratis SFO for elever på 1.–3. trinn.
- En inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for hushaldningar med elever på 1.–4. trinn. Ordningen sikrer at ingen familier skal bruke mer enn maksimalt seks prosent av inntekten sin til å betale for en SFO-plass.
- Gratis SFO for elever med særskilte behov på 5.–7. trinn

Ut over disse lovpålagte ordningene kan kommunen ta betalt for tilbudet. Det er innhentet priser fra våre nabokommuner som ligger til grunn for dette tiltaksarket.
Utrekning på prisar:
1.-3. trinn:

- 100% tilbod: 1265kr
- 60% tilbod: gratis

4. trinn:

- 100% tilbod: 3160kr
- 60% tilbod: 2307kr

Det er regnet på at 90% av barna har SFO, slik de har i dag..

Forankring i overordna mål/plan:

Konsekvensar:

SFO er ein fin inkluderingsarena og kan bidra til sosial utjamning. Ved å ta betalt er risikoen for at fleire ikkje vel å ha barna sine på SFO
Gevinstar: Økonomi
Risiko: Færre brukar tilbodet
Drøfting: Ikkje relevant

D-5			**RAMMEKUTT REINHALD**
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-300’	-300’	-300’	-300’
Beskriving: Drift og utbygging har gjort ein stor jobb med å digitalisere og legge alle formålsbygga i kommunen inn i eit FDV-program (forvaltning, drift og vedlikehald). I den samanheng er det laga reinhaldsplanar som gir oversikt over kostnader på reinhald gitt ein viss reinhaldsfrekvens i tråd med standard ISO 800. Ein gjennomgang og kartlegging av oppgåver syner at det det er ein del tilleggsoppgåver som reinhaldarar gjer i dag som profesjonsnøytrale også kan gjere, til dømes søppelhandtering, handtering av lager, handtering av arbeidsklede til vask, sortering av reine arbeidsklede til lager, osv. Dette er likevel oppgåver som nokon uansett må gjere, så det ligg ikkje innsparingspotensiale her, berre eventuell omfordeling av oppgåvene om nokon skulle ha ledig tid. Ved å redusere frekvens på vask nokon prosent fordelt på bygg i Sauland, kan det være potensiale til innsparing tilsvarande om lag 50-60% stilling.			
Forankring i overordna mål/plan: Effektiv drift av dei kommunale tenestane.			
Negative konsekvensar: Lågare frekvens på reinhald og kvalitet, og oppgåver som ikkje blir utført. Nokon kan få endra/fleire oppgåver. Fleksibilitet til å kunne omfordele på personale ved til dømes smittevask, sjukefråvær og andre hendingar blir svekka.			
Gevinstar: Betre økonomi dersom det ikkje gjer utslag i auka utgifter til ekstra smittevask.			
Risiko: Me klarar ikkje forventningane til innsparing. Forslag til nye reinhaldsplanar må gjennomgås og forankrast hos alle einingane som får redusera frekvens på reinhald. Omorganisering av oppgåver og arbeidsstader må gjennomførast etter gjeldande normer for slike omstillingsprosessar.			
Drøfting: Drøfta i KLG			

D-6			RAMMEKUTT OPPVEKST
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-400’	-950’	-950’	-950’

Beskriving:
Ny gjennomgang av sektoren der me ser på organisering og strukturar på alle nivå. Kva kan me gjera på ein meir effektiv måte? Her vil me gå gjennom heile sektoren og vurdera kva som kan gi ei endå meir effektiv og rasjonell drift. Tiltaket vil gjelda alle områda innafor oppvekst sitt område.

Forankring i overordna mål/plan:
Kommunens økonomiplan

Negative konsekvensar:
Kan risikere noko lågare kvalitet eller oppgåver som ikkje kan prioriterast. Nokon kan få endra/fleire/andre oppgåver

Gevinstar:
Meir effektiv drift og betre økonomi.
.

Risiko:
Me klarar ikkje forventningane til innsparing innafor fristar.

Drøfting:
Drøfta i KLG
.

D-7			NY FASTLEGEHJEMMEL
2025	**2026**	**2027**	**2028**
680’	1 360’	1 360’	1 360’

Beskriving:
Det er behov for ein fastlege til ved Hjartdal legekontor på grunn av for stor arbeidsbelastning på legane. Sidan august 2022 har antal pasientar ved legekontoret auka med 410. I tillegg til dette blir stadig nye lovkrav lagt på fastlegane.
Sjukehuset har og over tid redusert tilbod og overfører oppgåver til fastlegane. NAV tek mykje tid med oppfølgjing av sjukemeldte/legeerklæringar, det gjeng og mykje tid til å skrive legeerklæringar til mange andre formål. Hjartdal legekontor har ein eldre populasjon med mange diagnosar.

Alle legane ved Hjartdal legekontor er i dag under vidareutdaning for å bli spesialistar i allmenn- og samfunnsmedisin. Dette inneber jevnlege kurs, veiledning og hospitering. Dette gjeng utover tilgjengelegheit og praksis ved legekontoret, da det ikkje finst anledning til å leige inn legevikar ved slikt fråvær. Desse vidareutdaningane gjeng over 5 år, og etter at man er ferdig spesialist krevst det at man samlar 300 poeng via ulike kurs pr 5 år for å oppretthalde spesialist godkjenninga frem til pensjonsalder.

I dag har Hjartdal legekontor 3 legehjemlar, med til saman 2260 pasientar. 50% av den eine hjemlen blir nytta til kommuneoverlegearbeid, denne hjemlen har 800 pasientar og blir ivaratatt av fastlegevikar pr.i dag. Tilbakemelding frå legane som har andre kommunale oppgåver kvar veke, som sjukeheim og helsestasjon blir at listelenge på 800 pasientar er for mykje, dersom man skal kunne gjere ein god jobb innan avsatt arbeidstid på 37,5 t pr uke. Nasjonalt er det anbefalt ei listelengde på max 650 pasientar som ALIS dersom man ikkje har kommunale oppgåver. Ved pålegg om kommunale oppgåver anbefalast det at listelengda justerast ned.

Vidareutdaninga er dei pålagt å gjennomføre om dei skal jobbe på fastlegekontor. Kommuneoverlegen tar vidareutdaning i Samfunnsmedisin, som er ei nyttig utdanning for det ansvaret ho skal ivareta. Veiledning av LIS 1 og ALIS er lovpålagt og krev møte kvar veke og dagleg supervisjon, dette stel mykje av tida til legane med mest erfaring på kontoret. Pr i dag er det 7 ledige fastlegeplassar ved legekontoret og 134 på venteliste. Det kjem stadig nye flyktningar som treng fastlege og andre som flytter til kommunen. Vi hadde ein periode for nokre år tilbake, da vi måtte stenge fastlegelistene. Dette hadde vi ikkje lov til, men det var eit tiltak for å forhindre sjukemeldte legar.

Vi har og har hatt fleire periodar med kun 1- 2 legar (siste året), da har vi berre moglegheit til å tilby ø-hjelpstimar. Dette gir stor slitasje i kollegiet og er uholdbart båe for pasientar og ansatte. Vi ønskjer ikkje å kome tilbake til slike tilstandar igjen, difor fremmer vi eit sterkt behov for auka kapasitet via ein ny hjemmel.

Ifølge regelverket skal pasientane kunne få ein time hos fastlege ved behov innan 5 dagar, dette kravet klarar vi ikkje å møte idag. Ventelista hos enkelte legar på kontoret er inntil 4 veker, og gjerne meir enn det om timeboka på Helsenorge åpnas for timebestilling utover dei 4 vekene det nå er åpna opp for.

Forankring i overordna mål/plan:
Jfr. Helse – og omsorgstjenesteloven

Konsekvens for kommunen:
Auka utgifter på lønn, men og auka inntekt frå basistilskot og refusjonsinntekter, auka inntekt for gjesteinnbyggjarar og Alistilskot.
Auka kapasitet på legetimar, mindre klager. Betre folkehelse.
Konsekvens for brukar:
Auka legeressurs vil bidra til betre tilgang på legetimar, at fristar overhaldast, og pasientane får den hjelpa de har krav på.
Konsekvens for tilsette:
Redusert arbeidsbelastning og mindre sjukemeldingar. Styrking av arbeidsmiljøet. Moglegheit for ei stabil legegruppe over tid.

Gevinstar:
Ein ny legehjemmel vil kunne bidra til at arbeidsoppgåvene er i samsvar med arbeidskapasiteten

Risiko:
For stor arbeidsbelastning for legane som vil medføre økt stress og sjukemeldingar, vi har allereie hatt mykje av det siste året. Da hopar det seg opp på legekontoret, noko som påfører dei andre legane meir arbeid og økt risiko for nye sjukemeldingar, og oppseiingar. Det er grense for kva dei kan klare, dette gjeng igjen utover antal pasientimar og fristar som legane bør overhalde.
Resultatet av dette er misfornøgde pasientar, som får eit dårligare helsetilbod enn kva dei har krav på. Dette kan ha store konsekvensar for den enkelte pasient. Og bidrar igjen til negative tilbakemeldingar og slitasje på båe sjukepleiarar og legar.

Drøfting:
Tiltaket er utarbeida i samråd med tillitsvalt for legane. Tiltaket er drøfta med kommuneoverlegen og kommunalsjef for helse og meistring, båe har stor forståing for tiltaket.

D-8			KONTROLLUTVAL - FORVALTNINGSREVISJON
2025	**2026**	**2027**	**2028**
200’			

Beskriving:
Vedtak i kontrollutvalet 24.09.2024 sak 20/24
Kontrollutvalet sluttar seg til framlagde forslag til budsjett for 2025. Kontrollutvalet vurderer at budsjettforslaget er svært stramt. Budsjettet til revisjonen dekkjer berre eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i perioden 2024 - 2025, og gir kontrollutvalet avgrensa høve til å følgja opp dei lovpålagde oppgåvene frå kontrollutvalet når det gjeld forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll og på sjå ansvaret for økonomiforvaltninga. Kontrollutvalet vil difor be kommunestyret om å auka budsjettet med kr 200 000 utover forslaget frå sekretariatet. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet skal følgja budsjettsaka i kommunestyret (via formannskapet).
Innstillinga kontrollutvalet har til kommunestyret:
“*Kommunestyret sluttar seg til forslaget kontrollutvalet har til budsjett for kontrollarbeidet for 2025 med ei ramme på kr 786 580. pluss 200 000 til ekstra forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet blir gitt fullmakt til å disponere om midlar innanfor ramma”.*

Årleg ramme for kontrollutval og revisjon på kr. 786 580,- er lagt inn i konsekvensjustert budsjett. Kommunedirektøren vel å legge fram tillegg på kr. 200 000,- til forvaltningsrevisjon som tiltaksark

Forankring i overordna mål/plan:

Negative konsekvensar:

Gevinstar:

Risiko:

Drøfting:
Ikkje aktuelt

D-9			RULLERING SAMFUNNSPLAN
2025	**2026**	**2027**	**2028**
700’	200’	200’	200’

Beskriving:
Bistand ift vedteke planstrategi i Kommunestyret i september 2024 i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel - rullering av samfunnsplanen som skal skje i 2025. I tillegg vil det vera naturleg at Hjartdal kommune saman med Notodden implementere verktøyet Framsikt, slik at måla i samfunnsplanen blir implementert i den daglege styringa av kommunen og i statusrapporteringa. Framsikt er eit komplett styringssystem som heile Kongsbergregionen med unntak av Notodden og Hjartdal brukar. Dette vil gje eit komplett styringssystem som vil vere svært rasjonelt for både administrativ og politisk leiing.

Kalkulasjon / anslag:
Anslag for nødvendig bistand, i tillegg til bruk av interne ressursar. Vurdert ut i frå ressursbruk ift kommuneplanen sin arealdel der Asplan Viak gjer kommunen slik bistand og innhenting av tentative tal frå andre kommunar.

Forankring i overordna mål/plan:

Vedtak om å rullere kommuneplanen sin arealdel og vedteke planstrategi om rullering av samfunnsdelen i 2025.

Negative konsekvensar:
Krev økonomi, kapasitet og prioriteringar, men når arbeidet er gjort vil heile organisasjonen jobbe meir rasjonelt med tydeleg mål og tiltak**.**

Gevinstar:
Tydelegare mål og prioriteringar i samfunnsplanen, samt system for måling og oppfølging av oppnådde resultat, slik at ein prioriterer å jobbe med det som har størst konsekvens for resultatet. Sett saman med Framsikt og nytt lønns og personalsystem (ERP) vil dette blir rasjonelt styringsmessig.

Risiko:
Risiko ved å ikkje gjere dette arbeidet er at ein jobbar lite rasjonelt i heile organisasjonen, fordi satsingsområda i samfunnsplan ikkje heng saman med drifta og mål i kommunen.

Drøfting:
Budsjettforslaget drøftas med hovudtillitsvalt og verneombod/ samråd.

D-10				**SAMARBEIDSAVTALE NIA**
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Alt. 1 – Komplett	750’	750’	750’	750’
Alt. 2 – Stort	500’	500’	500’	500’
Alt. 3 – Lite	400’	400’	400’	400’

Beskriving:
Jmf vedtak i kommunestyret leggast det fram framlegg til ny avtale mellom NIA, Hjartdal kommune og Tuddal museumslag.

NIA er opne for å justera oppdraget sitt til bygdetunet slik at enkeltdelar av dette blir varetekne av eigar. Forslaget for slike justeringar blir presentert i tre ulike scenario – Komplett, Stort og Lite oppdrag.

Scenario	NIAs oppdrag	Tilskuddsnivå i 2025
Komplett	Drift, formidling som skissert i evaluering (3-4 arrangementer årlig), samlingsforvaltning og bygningsvern	750 000 kr
Stort	Samlingsforvaltning, bygningsvern (Eier ivaretar driftskostnader og formidling/arrangementer)	500 000 kr
Lite	Bygningsvern (inkl planlegging og dokumentasjon) (Eier ivaretar alt annet)	400 000 kr

Forankring i overordna mål/plan:
Kommunens samfunnsplan

Konsekvens: Auka kostnader for kommunen
Gevinstrealisering: Ivaretaking av Bygdetunet i dan standard det er i dag. Stor verdi for satsing knytt til Tuddal som satsingsområde.
Risiko: Stor konsekvens for Tuddal museumslag om det ikkje blir ei avtale. Vil bli krevjande å drifte laget med store kostnader.
Drøfting: Drøfta i KLG.

D-11			**VETERINÆRVAKT**
2025	**2026**	**2027**	**2028**
300’	300`	300’	300’

Beskriving:
Nivå på budsjettet må aukast grunna ny avtale.
Veterinærvakta er eit kommunalt ansvar jf. Dyrehelsepersonellova §3a. Veterinærane ved Seljord veterinærkontor AS har kontrakt på veterinæroppdrag med kommunane og dekker Vest-Telemark veterinærdistrikt (Vinje, Tokke, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Seljord) og Hjartdal kommune. Slik har det vore sidan kommunane overtok ansvaret i 2008.
Det er konkurrerande bedriftar i Fyresdal og Vinje. Desse driv kunn på dagtid.
Det er kome krav frå veterinærane om kompensasjon frå kommunane i Vest-Telemark veterinærdistrikt med Hjartdal ut over stimuleringstilskot. Kravet er å få tilstrekkeleg kompensasjon til to veterinærar i klinisk veterinærvakt kvar dag heile året. Vakta er per no finansiert med øyremerka midlar frå statsbudsjettet, dette er ikkje lenger tilstrekkeleg til å dekke lønsutgifter. Vinje kommune er administrerande kommune og har stått for søknadar for statleg tilskot og stimuleringstilskot på vegen av alle kommunane i vaktdistriktet. Veterinærane melder om dette fungerar godt og det er ynskje om å halde fram med det.
Veterinærane har hatt dialog med landbrukskollegiet i kommunane og sendte inn skriftleg krav våren 2024. Det har ikkje vore tilstrekkeleg kommunikasjon og forankring til at kommunedirektørane har fanga dette opp på eit tidlegare tidspunkt. I møtet er det tydelege signal frå veterinærane på at krav om kompensasjon på kr 317.000 per kommune i samarbeidet inneverande år og åra framover står. Sum skal indeksregulerast kvart år. Dei ber om ei avklaring snarast. Dersom det kjem auke i statlege tilskot skal dette gå til frådrag i kommunanes eigenandel.

Forankring i overordna mål/plan: Det gode vertskap, tryggleik for drifting av landbruket og tilgjengeleg veterinær
Negative konsekvensar: Krev prioritering av midler i budsjettet i konkurranse med andre tiltak
Gevinstar: Forsvarleg landbruksdrift
Risiko: Uforsvarleg drift og høge kostnader for den enkelte
Drøfting: Alle tiltak drøftas med hovudtillitsvalte og vernetenesta.

D-12			TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD
2025	**2026**	**2027**	**2028**
-250’	-250’	-250’	-250’

Beskriving:
Nivå på budsjettet ift gjennomsnittstal -
Samanlikning men andre/ kommunegruppe 14 visar eit potensial på anslagsvis 250.000.

	Andel av totale utgifter (prosent)		Beløp per innbygger (kr)	
	2022	2023	2022	2023
3819 Hjartdal				
390 Den norske kirke				
Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	1,7	1,5	1 658	1 635
0827 Hjartdal (-2019)				
390 Den norske kirke				
Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	.	.	.	.
EKG14 KOSTRA-gruppe 14				
390 Den norske kirke				
Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	1,5	1,4	1 424	1 463

Forankring i overordna mål/plan:
Ingen spesielle anna enn rasjonell drift samanlikna med andre

Negative konsekvensar:
Kan krevje prioriteringa**r** som ikkje er ønska

Gevinstar:

Risiko:
Kan gje uønska konsekvensar, eller krevje sterkare prioriteringar.

Drøfting:
Ikkje aktuelt

D-13			EFFEKT AV VA-PLAN TILKNYTINGAR VANN OG AVLØP
Scenarier frå ein VA plan:	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Alt. 1 - 10 tilknytingar årleg	0’	-2 294’	-2 475’	-2 656’
Alt. 2 - 20 tilknytingar årleg	0’	-4 589’	-4 950’	-5 312’
Alt. 3 - 40 tilknytingar årleg	0’	-9 177’	-9 901’	-10 624’

Beskriving:
Effekt av tiltak frå i ein VA-plan frå året 2026, som eit gjennomsnitt.

Forankring i overordna mål/plan:
Kommunens økonomiplan – berekraftig VA i fjellet/ sjølvkost.

Konsekvens:

Gevinstrealisering:
Auka inntekter for kommunen

Risiko:

Drøfting:

D-14			VEDLIKEHALD BYGG
2024	**2025**	**2026**	**2027**
-500	-500	0’	0’
Beskriving: Tiltaket går ut på reduksjon i vedlikehalda over to år som eit grep for å dempe budsjettet og styrer ressursar og kapasitet til andre områder på samfunnsutvikling.			
Forankring i overordna mål/plan:			
Negative konsekvensar: Tiltaket inneber at oppgraderinga av kommunale bygg reduserast.			
Gevinstar: Tiltaket gir direkte budsjettmessi**g** gevinst på kort sikt.			
Risiko: Det er ein viss risiko for at det oppstår situasjonar som gjer det nødvendig å bruke meir enn budsjettert til uventa hendingar/reparasjonar.			
Drøfting: Ikkje aktuelt			

Investeringstiltak

I-1				REGIONALE IKT-TILTAK
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Brutto investering	446’			
Finanskostnader	10’	78’	76’	74’
Beskriving: Tiltaket går ut på å delta samen med dei andre kommunane i prioriterte interkommunale IKT-tiltak.				
Forankring i overordna mål/plan: Digitaliseringsstrategien for tenesteutvikling for Kongsbergregionen legg dei overordna føringane for den konkrete tiltaksplanen.				
Konsekvens: Deltaking i programmet vil gjere det mogeleg for Hjartdal kommune å vere med på den digitaliseringa som er nødvendig for å utvikle effektive tenester. Å skaffe slike løysingar saman med andre kommunar gir rimelegare kostnadar enn om kommunen skulle gjere det sjølv. I tillegg har Hjartdal kommune verken kompetanse eller ressursar til å gjere slike tiltak sjølv. Felles løysingar legg til rette for tenestesamarbeid.				
Gevinstrealisering: Tiltaket skal gi indirekte budsjettmessige gevinstar i form av meir effektiv tidsbruk. Tiltaket gir kvalitative gevinstar i form av brukarvennlege system.				
Risiko: Erfaringsmessig har Kongsbergregionen god gjennomføringsevne og ligg langt framme på sine tiltak, sjølv om vedtaksprosessane knytt til interkommunale tiltak kan vere tidkrevjande.				
Drøfting: Dei tillitsvalde er samd i tiltaket.				

I-2				BYTTE AV BIBLIOTEKSYSTEM
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Brutto investering	125’			
Finanskostnader	2’	14’	14’	13’
Beskriving: Biblioteksystemet vi har pr i dag skal fases ut og vi må nå bytte system. Det har vært ute på anbud og vi må regne med ei investering på kr 100 000 pluss meirverdiavgift.				
Forankring i overordna mål/plan: Kommunens økonomiplan				
Konsekvens:				
Gevinstrealisering: Vi har eit nytt system på plass før systemet vi har i dag fases ut.				
Risiko: Vi har ikkje system som fungerer på Folkebiblioteket.				
Drøfting: Drøfta i KLG.				

I-3			NYTT REINSEANLEGG SAULAND	
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Brutto investering	500’	500’	10 000’	8 000’
Finansieringsbehov	500’	500’	10 000’	8 000’
Finanskostnader	11’	46’	266’	950’
Andre driftskonsekvensar			-100’	-500’
Netto driftskonsekvensar	11’	46’	166’	450’

Beskriving:
Nytt reinseanlegg i Sauland er tidlegare vedteke i økonomiplan for 2021-2024. Utbygging blei satt på vent for å vurdere moglegheit for samarbeid med Notodden kommune om reinsing av avløpsvatn. Arbeidet med evt fellesløysingar på reinsing har ikkje ført fram.

Nytt reinseanlegg i Sauland er derfor foreslått lagt inn i budsjett igjen. Prosjektering og konkurranse må lysast ut på nytt, men det kan være nyttig å sjå prosjektet i ein heilhetleg samanheng, då planstrategien peikar på at det må utarbeidast ein overordna VA-plan for kommunen. Ein slik plan vil også kunne peike på kor det er mest rasjonelt å leggje eit nytt reinseanlegg. Det kan derfor hende at prosjektering og byggestart må justerast.

Tiltaket går ut på å byggje nytt reinseanlegg i Sauland. Kostnaden det første året er knytt til prosjektering.
Behovet for å realisere tiltaket har blitt forsterka med tanke på målet om busetting og tiltak knytt til tilrettelegging for auka bustadbygging. Eksisterande reinseanlegg blir drifta bra med ei overbelastning på rundt 50 %. Tiltaket er naudsynt for vidare utbygging av bustader.
På Ørvella er det eit gamalt infiltrasjonsanlegg som ikkje fungerer optimalt. Nytt reinseanlegg i Sauland bør sjåast i samanheng med dette.

Forankring i overordna mål/plan:
I kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit mål å auke innbyggjartalet. Målet skal mellom anna nås ved å leggje til rette for eit variert bustadtilbod gjennom framtidsretta planlegging.
Det er vidare eit mål at den kommunale organisasjonen er miljøvenleg. Målet skal nås mellom anna ved at kommunen har eit avløpsnett som er tilpassa eit endra klima og bruksmønster.
Forureiningslova og fara for utslepp.
Norsk vann sine tilrådingar om fornying.

Konsekvens:
Tiltaket vil ikkje ha negative konsekvensar for kommunen ut over økonomi .

Gevinstrealisering:
Tiltaket vil gi miljømessige gevinstar i form av mindre kjemikaliebruk og mindre utslepp.
Tiltaket vil gi indirekte økonomiske gevinstar ved at det gjer det mogeleg å auke bustadbygginga i Sauland. Tiltaket vil gi indirekte økonomisk gevinst i form av vesentleg meir effektiv drift av anlegget

Risiko:
Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre vil det ha konsekvensar for drift.

Drøfting:
Kostnad til nytt reinseanlegg i Sauland må truleg justerast. Tala her er henta frå budsjett 2021/22. Det må jobbast med ulike type løysningar og lokasjonar.

Statsforvaltaren har i sin kommentar til sentrumsplanen minna kommunen om at unnlating av å igangsette tiltak vil kunne medføre byggestopp i Sauland.

I-4				OVERORDNA VA-PLAN
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Brutto investering	950’	950’		
Finanskostnader	17’	120’	208’	202’

Beskriving: Jfr vedteke planstrategi i Kommuenstyret i september 2024.
Bistand til ein overordna VA plan – sektorplan som skal:
Kartlegge mulighetsrommet økonomisk og juridisk for berekraftig VA økonomi i fjellet

- Forslag til framdriftsplan og evt investering etter kost / nytte vurdering
- Forslag til motiverande betalingsformer og satsar
- Kartlegge nødvendig kapasitet og kompetanse for gjennomføring, - og ein anbefalt kommunikasjonsstrategi

Kalkulasjon / anslag:
Anslag på nødvendig bistand etter erfaring frå anna kommune. Visar til vedteke planstrategi og arealstrategiar, der ei slik VA- plan blir det viktigaste verktøyet for Hjartdal kommune mtp berekraftig VA økonomi i fjellet og for kommunen. Både ift nødvendig vedtak og gjennomføring

Forankring i overordna mål/plan:
Vedtak om å rullere kommuneplanen sin arealdel og vedteke planstrategi om behov for ein overordna VA-plan, samt vedteke arealstrategiar

Negative konsekvensar:
Krev økonomi, kapasitet og prioriteringar, men når arbeidet er gjort vil politikarane ha eit godt grunnlag for sine beslutningar og administrasjon eit grunnlag for gjennomføring.

Gevinstrealisering:
Ein faktabasert strategisk, overordna plan for vatn og avløp er eit svært viktig verktøy for å klare å få berekraftig økonomi både i Kovstulheia-Russmarken reinsedistrikt og i kommunen

Risiko:
Risiko ved å ikkje gjere dette arbeidet, er at kommunen har lite økonomisk kontroll, og stor risiko for å måtte auke avgiftsnivået til hytte-abonnentane kraftig, og/ eller måtte redusere velferdstilbodet til kommunen sine innbyggarar

Drøfting:
Tiltaket sjåast på som det viktigaste tiltaket for økonomisk berekraft i åra framover.

I-5		ASFALTERING VED LEGEKONTOR		
	2025	**2025**	**2026**	**2027**
Brutto investering	190’			
Finanskostnader	3’	10’	10’	10’

Beskriving:
Nedanfor omsorgssenteret ligg ein parkeringsplass for dei som besøker legekontor og omsorgssenter. Ved nedbør og snøsmelting er det ein problem med store dammar med oppsamling av vatn, slik at dei som parkerer blir blaute på beina. Området er allereie heva noko for å redusere problemet, men det er framleis noko problem med at alt vatn ikkje renn vekk og blir liggande i dammar.

Forankring i overordna mål/plan:
Kommuneplanen sin samfunnsdel – det gode vertskap

Konsekvensar:
Auka kostnadar
Betre forhold for besøkande
Betre forhold for tilsette

Gevinstrealisering:

Risiko:
Området er relativt flatt og avvatning er ikkje alltid enkelt ved større nedbørsmengder..

Drøfting:
Det bør på sikt lagast ein **heilskapleg plan for arealbruken** i området, vidare utbygging og ikkje minst handtering av overvatn. Det bør på kort sikt vurderast om det finst rimelegare tiltak som kan hjelpe fram til heilskapleg plan er på plass.

I-6		NYTT LAGER- OG VERKSTADBYGG		
	2025	**2025**	**2026**	**2027**
Brutto investering	7 500’			
Finanskostnader	132’	351’	349’	345’

Beskriving:
Gamal brannstasjon i Sauland sentrum er vedteken selt og revet. Drift og utbygging treng erstatning for dette bygget til vask av biler og maskiner (til bruk i vannverk og reinseanlegg), lager, beredskapslager og verkstad for reparasjon av maskiner og verktøy, med meir. Estimert behov størrelse bygg er om lag 300 kvm. Grovt kostnadsestimat for den type bygg er om lag 20.000,-/kvm eks mva. Det gjer ein kostnad på om lag 7,5 mill inkl mva, utan at prosjektleiing, uforutsette kostnadar osv er teke inn. Det er heller ikkje teke inn kostnadar til kjøp av tomt, det kjem i tillegg.

Forankring i overordna mål/plan:

Konsekvensar:
Auka kostnadar

Gevinstrealisering:

Risiko:
Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre vil det ha konsekvensar for drift.

Drøfting:
Ein kommune har behov for plass til lagring av utstyr og materiell, vedlikehald og reparasjon av utstyr, vask av utstyr, osv.
Dersom det ikkje skal byggjast nytt må det vurderast leige av lokalar andre stader, eller liknande løysingar, eventuelt midlertidige løysingar.

I-7			CARPORTAR FOR HEIMETENESTA	
	2025	**2025**	**2026**	**2027**
Brutto investering	1 600’			
Finanskostnader	28’	75’	75’	75’

Beskriving:
Heimetenesta har 8 bilar som nyttast i tenesta. Dei er parkert ved omsorgssenteret. Ved låge temperaturar og snø så blir det brukt tid på å måke fram biler, samt skrape ruter for snø og is.
Det har derfor kome ynskje om å bygge carportar i området for å avhjelpe dei praktiske problema.

Forankring i overordna mål/plan:

Konsekvensar:
Auka kostnadar

Gevinstrealisering:
Pleiepersonale får frigjort noko tid ved å sleppe skraping av bilruter.
Betre forhold for tilsette ved å sleppe skraping av bilruter.

Risiko:
I området er det planer om riving av eksisterande legekontor, bygging av nye omsorgsbustader/leilegheiter, med vidare. Det er derfor ein risiko å investere i carportar før det er lage ein nøyaktig plan for utbygging, vegar, parkering, med vidare. **Heilskapleg plan må** på plass før ein gjer tiltak.

Drøfting:
Det bør vurderast om det bør ventast med ein slik investering til det er lagd ein heilheitlig plan for arealbruken i området.

I-8				OVERTAKELSE VA-ANLEGG FRÅ RUSSMARKEN VA AS
	2025	**2026**	**2027**	**2028**
Brutto investering	280 000’			
Finansieringsbehov	280 000’			
Finanskostnader	11 294’	18 280’	18 128’	17 835’
Andre driftskonsekvensar	-16 800’	-16 800’	-16 800’	-16 800’
Netto driftskonsekvensar	-5 506’	1 480’	1 328’	1 035’

Beskriving:
Tiltaket går ut på å overta eigarskapet til vass- og avløpsanlegget som Russmarken VA AS har bygd ut i Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt i Tuddal.
Visar til kommunestyresak 63/2024 om detaljar og bakgrunn for saka.
I vedtaket i sak KOM 63/2024 var det lagt opp til å foreta overtakelsen før 31.12.2024. Av fleire årsaker, kapasitet og tid, vurderer kommunedirektøren det som vanskeleg å få gjennomført vedtaket før årsskifte.
Vedtaket leggast difor inn som tiltak i budsjett og økonomiplan 2025-2028.
Det leggast opp til å foreta overtakinga så snart Russmarken VA AS har klart eit revidert rekneskap for 2024. I løpet av 1. kvartal 2025

Forankring i overordna mål/plan:

Konsekvens:
Kommunen må gje Russmarken VA AS eit likviditetslån i 2024 på kr. 4-5 millionar. Eksakt beløp kjem opp i budsjettreguleringssak i desember. Dette lånet, saman med lånet på kr. 4,5 mill. som blei gjett i 2023, vil bli tilbakebetalt når kommunen har overtatt VA anlegget.
Vedtak i kommunestyresak 10/2024 «Etablering av aksjeselskap for investering i Sauland Kraftverk» må endrast. Kommunedirektøren vil legge fram ei eiga sak om alternativa som kommunestyret har når det gjeld den saka.

Gevinstrealisering:

Risiko:

Drøfting:
Visar til saksframlegg i kommunestyresak 63/2024